



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2013

Rehabiliteringsarbeidet på løa i 2013 gjekk godt, og me vart klar til offisiell opning av løa 5. april. Frå 2005 til opningshelga har om lag 130 personar utført om lag 9000 timar dugnadsarbeid. Me er svært stolte av resultatet. Vennelaget vil retta ein stor takk til alle som har vore med. Som takk for alt det gode dugnadsarbeidet som er gjort arrangerte Vennelaget Dugnadsfest 19. oktober.

Etter opningshelga har vennelaget fortsett å fullføra arbeidet med innreiing og utsmykking og ein del småarbeid som ikkje vart heilt ferdig. Vennelaget har halde seg godt innafor budsjettet på 3,43 mill for rehabiliteringsarbeidet og 0,8 mill for innreiing, og har fått aksept frå Hå kommune om å installera sprinklarutstyr i løa innafor ei ramme på attverande budsjettmidlar. Arbeidet med dette vil føregå i 2014.

Ordførar Mons Skrettingland føretok offisiell opning av løa fredag 5. april. Opningshelga vart feira med arrangement både på fredagen og laurdagen, med grilling og flotte kulturelle innslag. På programmet stod prolog av Sjur Håland, song av Hananja, Minikoret og Klepp mannskor, musikkinnslag av "To tynne og ein Runde", Karsten Skrettingland, Camilla Haukland, Kulturskulen og Varhaug skulemusikkorps, danseoppvinsing av Varhaug danselag og Seniordansen, eventyrforteljing av Anne Marie Gjølme og VM i Fifa, ei tevling i fotballspeling på data. Om lag 500 personar kom på opningshelga, og arrangementet var svært vellukka.

I tillegg til pianoet som SR-bank gav til Lensmannsgarden i 2012, vart det i opningshelga gitt lysestakar til Løestova av Varhaug Bygdekvinnelag, trommesett til Musikkromet av Arnstein Skretting og ei plante av Lensmannsgarden vel-lag. Varhaugbuen gav ei gåve på 10.000 kroner til Vennelaget for Lensmannsgarden.

Hå kommune er eigar av Lensmannsgarden og vil stå for drifta. Vennelaget vil vera ein støttespelar for kommunen i dette arbeidet.

Hå kommunestyre sette 20.02.2013 av midlar til drift av Løa på Lensmannsgarden der det vart inkludert midlar for ein 80 % stilling som aktivitetsleiar/fritidspedagog. Vennelaget bidrog aktivt til at det kom gode søkjarar til stillinga, og me er glade for at Monica Cecilie Herredsvela starta i

dette arbeidet frå oktober av. Ei viktig oppgåve for Vennelaget er å gje Monica all den støtte ho ynskjer i det gode arbeidet ho har starta.

Løa på Lensmannsgarden har vorte ein attraktiv plass å ha arrangement, både for lag og organisasjonar i kommunen, for Hå kommune og for privatpersonar. Løa er no i bruk så godt som kvar dag. I 2013 var det i tidsromet april-september 29 arrangement; 18 arrangement med lån av løa, og 11 arrangement med betalt leige av firma og privatpersonar. I tidsromet oktober-desember var det 70 arrangement i løa; 54 utlån og 16 leige. I tillegg har eit band brukt musikkromet fast om onsdagane, og Lensmannsgarden barnehage lånt løa fast til leiking. Dei har leika oppe i løa.

I vedtektene for Vennelaget står det at Vennelaget har ein visjon om å ”Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø” Me er langt på veg i ferd me å nå denne visjonen for løa. Både frå politisk hald og frå administrasjonen i Hå kommune er det no poengtert at det i kommunestyrevedtak ligg til grunn at også våningshuset skal innlemmast i den kulturelle møteplassen som Lensmannsgarden har vorte. Det er ytra ynskje om at Vennelaget vert med også i dette samarbeidet. Dette ligg nok litt fram i tid, men truleg ikkje meir enn nokre få år.

I tråd med Vennelaget sine vedtekter har Vennelaget bidrege til ein del kulturelle arrangement i 2013. Vennelaget har oppretta ein komité som skal stå for arrangering av kulturelle arrangement, både eigne arrangement, og arrangement i samarbeid med lag og organisasjonar i bygda. Denne komiteen har stått for ein del av arrangementa i 2013, og har laga eit flott program med kulturarrangement for 2014. Vennelaget arrangerte i 2013 løedans saman med Jærbelgen, Open løe på Varhaugmarken, familiearrangement på Jonsok, foredrag av tidlegare sjefredaktør i Stavanger Aftenblad; Tom Hetland, og foredrag av professor i nordisk språkvitskap Inge Særheim i samarbeid med Indremisjonsforbundet Varhaug, foredrag og boksal med Sjur Håland, adventskonsert med Anne Birgitte Lillebø Bøe & co (songarar og musikarar), og romjulskonsert med Liv Skretting & co.

Styret i Vennelaget har hatt 13 styremøte i 2013. Styret, komité for innreiing og utsmykking, dugnadskomité og byggekomiteen har også dette året hatt mykje arbeid utanom styremøta.

Medlemstalet i Vennelaget er no 239.

For meir informasjon om Lensmannsgarden og arbeidet med løa viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net .

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Hans Vagleik Jakobsen, nestleiar
Anny Hagesæter, sekretær
Geir Egil Rosland, kasserar
Solveig Aanestad, styremedlem
Svein S. Varhaug, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland
Arnstein Skretting

Dugnadskomit :

Solveig Aanestad, leiar
Hans Vigleik Jakobsen
Oddbj rg Skrettingland

Komit  for innreing og utsmykking:

Anny Hages ter, leiar
Inger Kyll s 
Arnstein Skretting
Eva Watne

Arrangementskomit :

Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Guri Sollesnes
Kristin S yland

Revisor:

Irene Hobberstad

Valnemnd:

Gustav M H land
Kari Nord-Varhaug
Tor Selmer Olsen

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)